

Stord kommune årsrapport – 2013 Universell utforming

Disposisjon	Kommentarer
1. Innledning	<p>Det vises til Nasjonalt utviklingsprogram for universell utforming i fylker og kommunar, og tiltak K1 i handlingsplan for universell utforming 2009 – 2013.</p> <p>Stord kommune har vore så heldig å ha status som ressurskommune med midlar frå Miljøverndepartementet frå 2009 til 1.juli 2013.</p> <p>Stord kommune sin visjon for satsing på universell utforming har vore å lage eit samfunn for alle, og å inspirere andre kommunar til å arbeide for universell utforming.</p>
2. Organisering og forankring	<p>Universell utforming i Stord kommune har vore forankra i strategisk leiing, og i Stord formannskap som har gjort vedtak om saker vedrørende fortsatt engasjement.</p> <p>Ressursgruppe for universell utforming har bestått av tilsette frå ulike einingar i Stord kommune og frå Stord Kommunale eigedom KF. Det har vore 2 møtar i ressursgruppa. Einingsleiar Astrid Larsen har hatt 10 % prosjektleiing frå 1. januar til 1.juli 2013.</p>
3. Metode	<p>Engasjement frå ulike einingar har vore viktig i arbeidet med universell utforming, og at flest mogleg politikarar skulle ha best mogleg kunnskap om lovverk og praktisk tilnærming til universell utforming. Ressursgruppe med tilsette frå ulike einingar har difor vore viktig, og i tillegg har 2 medlemmar frå Rådet for funksjonshemma vore deltakarar. Me har og henta inn ein ressursperson utan organisatorisk tilknytning ut frå tanken om at eldsjeler med engasjement og innsikt er viktige medspelarar.</p>
4. Oppnådde resultat	<p>Departementet har bedt ressurskommunane om å fokusere på 2 hovudmål i den nasjonale prosjektskildringa, det var å formidle kunnskap og resultat i nettbaserte og trykte mediar og å initiere og delta i delprosjekt saman med andre fylker, kommunar, nasjonale og/eller regionale kompetansmiljøer.</p> <p>Kommunane har gjennom konkrete erfaringar opparbeidd seg kunnskap om kva som gir gode resultat i arbeidet med universell utforming.</p> <p>Stord kommune har vore aktivt med i planlegging av sluttkonferansen i Hamar hausten 2013, og hadde ein artikkel og fleire små saker i sluttrapporten: «T-1540 Nasjonalt utviklingsprosjekt for universell utforming i fylker og kommuner – Erfaringer og eksempler».</p> <p>Stord kommune har og vore aktiv i å levere billedmateriell etter ulike samlingar og konferansar og også til sluttrapporten.</p> <p>Stord kommune har initiert fleire delprosjekt etter at ressurskommunetida var over, det eine er i samarbeid med 4 andre kommunar og det andre er eit prosjekt der ungdom på Stord deltek aktivt med midlar frå ulike statlige instansen. Ingen av prosjekta er avslutta endå.</p> <p>Stord kommune sine eigne mål for 2013 var m.a. å arrangere kurs for praktikarar våren 2013, det er gjennomført. Det har i samband med dei 2 delprosjekta vore arrangert seminar om lys for tilsette i eiga kommune, for privat næringsliv, tilsette i nabokommunar og tilsette frå dei 4 samarbeidande kommunane i tillegg til Vegvesen og Hordaland Fylkeskommune. Det har og vore gjennomført eit besøk til Oslo og Omland friluftsråd for å ta del i deira erfaring med å integrere innvandrarar i friluftaktivitetar, og ein befaring i Grorudalsparken for å sjå praktisk tilnærming til universell utforming der.</p> <p>Pris for universell utforming har satt tema på dagsorden i Stord kommune, og verdige vinnarar som er eldsjeler for restaureringen av ein kisgrube, fekk overlevert prisen ved ein større tilstelling januar 2013.</p>

Eit konkret prosjekt er utforming av gravplass på Stord der universell utforming har vore med som ein premiss heile tida, og der ein er godt fornøyd med resultatet.

Eit anna konkret resultat er at Stord-Fitjar turlag har bygd gapahuk i «bymarka» med universell utforming.

Eit tredje konkret resultat er oppgradering av gangveg mellom ungdomsskule og vidaregåande skule, idrettshall og til kulturhus og Leirvik sentrum som har fått «hårnålsvingar» der det før var på det brattaste.



(Foto: Tor Resser)

Prosjektleiari har deltatt på samling med Kvinnherad kommune for å hjelpe til med oppstart av delplan for universell utforming.

5. Økonomi

Stord kommune har mottatt kr 125 000 frå Miljøverndepartementet for 2013. Midlar frå Miljøverndepartementet har gjort det mogleg å ha prosjektleiari i 10% stilling. Prosjekt Tilgjenge og tryggleik for ungdom på Stord har mottatt kr 250 000 frå Miljøverndepartementet. Eksterne midlar har gjort at ungdom frå Ungdomsrådet har kunne deltatt på samling saman med ressurskommunar og fylkar og på sluttkonferansen i hamar. Ungdomsprosjektet har prosjektleiari i 20 % stilling. Prosjekt «Aktiv gåkultur. Tilgjenge, tryggleik og turmål» med kr 300 000 frå Miljøverndepartementet finansierte seminar om lys hausen 2013 og samling i Oslo februar 2014.

Av tidligare avsette midlar på fond frå Miljøverndepartementet har det vore brukt ca kr 60 000 i 2013.

6. Gevinstrealisering

Universell utforming har fått merksemd på fleire områder i Stord kommune i 2013, gjennom Pris for god tilgjenge, gjennom ungdom sin deltaking i prosjekt, ved seminar om praktisk utforming av universell utforming og seminar om lys. Ordførar har deltatt på sluttseminar med innlegg. Ungdom i Ungdomsrådet har lært mykje om universell utforming, og spreiar dette vidare utover til andre ungdommar. Nytteverdien av å ta med ungdom i konkrete prosjekt vil vise seg når ungdomane er vaksne og skal vere med å bestemme korleis samfunnet skal formast.

Frivillige eldsjeler i arbeid for Litlabø Gruva spreiar kunnskap om gruvemiljøet og at alle har same rett til å delta i spanande turar inn i gruva.

Eit resultat av mange års arbeid er at sakshandsamarar ved Eining for regulering og byggesak er flinke til å etterspørje universell utforming i planar, og få bestemmelsar om universell utforming med i sakar til politisk handsaming.

Konkrete resultat m.a. i form av universell utforma gravplass og gapahuk er viktige for å vise

	gode konkrete eksemplar.
7. Prosjektfaglig evaluering	<p>Prosjektorganisering med tilsette frå ulike delar av kommunal administrasjon har vore hensiktsmessig for å spreie kunnskap og innhente aktuelle tema som det har vore viktig å jobbe med i prosjektperioden og utover denne. Det er samstundes ein erfaring at mykje står og faller med prosjektleiar, den einskilde sin arbeidsdag er hektisk og det er lite rom for å engasjere seg i noko utanom det som kreves kvar dag i jobben. Fleire i ressursgruppa har jobbar som krev vurdering av universell utforming i konkrete sakar, og såleis har det vore greitt å ha ein arena for diskusjon og eit nettverks om kan brukast innimellom møter.</p>
8. Dokumentasjon	Det vil komme dokumentasjon på prosjekt gravplass.

Stord 19.02.2014

Astrid Larsen